



Velkomen til dåp og kyrkjeleg undervisning

Gratulerer som foreldre!

Ved døypefonten gjev kyrkja eit løfte om å støtte borna på trusvegen. Dette gjer vi ved å tilby undervisning på ulike alderstrinn.

Tidlegare var det skulen og frivillige som sto for opplæringa saman med foreldre og fadrar, og kyrkja gav den siste oppfølginga med konfirmasjonen.

Skulen skal framleis gi kunnskap om vår kristne arv og tradisjon, men har ikkje lenger ansvar som trusformidlar. Foreldre og fadrar er barnet sine medvandrarar og vegvisarar på trusvegen. No er det kyrkja som skal gje eit systematisk tilbod for alle fram til dei er 18 år.

Denne brosjyra presenterer kort kva tilbod vi har i Hareid. Når tida for undervisning er der, vil kvar enkelt få invitasjon med skriftleg informasjon om tilbodet.

Hareid kyrkjelyd ynskjer å legge til rette for at alle kan vere delaktige og kjenne seg verdsette. Borna kan ha ulike behov for tilrettelegging. Er det noko vi må ta særskilt omsyn til for at barnet dykkar skal ha best mogleg utbytte av samlingane, ber vi om at de tek kontakt med kyrjekontoret.

Helsing Hareid kyrkjelyd



“Sjå, eg er med dykk alle dagar
så lenge verda står.”

Matteus 28,20



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



www.kyrkja.no/storstavalt

tru

håp

kjærleik



KUL (KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING)

I HAREID KYRKJE

Saman på vegen

Med rett til å verte sett og verdsett



0 år Gyngje lite gran...

Babytreff på Kyrkjelydshuset. Tilbod særleg for 0-1 år med ein eller fleire foreldre/føresette. Samling med sang, lek og matfelleskap.

1 år Den fyrste song

Samling i kyrkja vår eller haust der ein markerer 1-års dagen. Utdeling av spisebrikke med teikning av kyrkja.

2 år Eg faldar mine hender små

Samling i kyrkja vår eller haust der ein markerer 2-års dagen. Utdeling av bilete med kveldsbøn.

3 år Kjære Gud, eg har det godt

Samling i kyrkja, borna går på "saujakt", vi syng og høyrer historier. Borna lærer ei kveldsbøn til å bruke heime.

4 år Heime i kyrkja

Samlingar i kyrkja der ein vert kjent med kyrkjerom og orgel og førebur seg på utdeling av 4-årsbok under ei gudsteneste.

5 år Årstidene

Samlingar på våren med historier og aktivitetar, der den siste samlinga er gudsteneste palmesøndag og borna får utdelt bok.

6 år Eg høyrer Jesus til

Dåpsskule om våren. Samlingar på ettermiddagstid, ei laurdags-samling og ei familiegudsteneste med bokutdeling.

7 år Kong David og vi

Borna møtest på Holesanden til eit døgn på leir. Vi lærer om David frå GT som vart konge. Gudsteneste på Alskleiva søndag.

8 år - Vår Tårnagenthelg

Borna er hemmelege agentar på oppdrag i kyrkja. Dei utforskar kyrkja, kyrkje-tårnet og deltek på gudsteneste søndag der dei framfører songen dei har lært.

8 år - Haust Guds gaver

Samlingar om hausten der vi lærer om Skaparen og det skapte og korleis vi på ein god måte kan ta vare på skaparverket og kvarandre. Vi avsluttar med Hausttakkefest i kyrkja.

9 år Perler i kransen

Leirdøgn på Kjeldsund med Kristuskransen som tema. Alle samlingane har si perle og alle perler sin eigen song. Vi leikar, syng og brukar uteområdet.

10 år - Vår Gud kjem til oss

Utdeling av boka Tidslinja i ei gudsteneste, kurs, i samarbeid med skulen der ein lærer historia med teikn, og samlingar der ein les historier og lærer leite fram i Bibelen, før vi avsluttar med ei felles gudsteneste.

10 år - Haust Misjon

Samlingar der vi på ulike måtar lærer om misjon, førebur og tek del på Barnas misjonsdag. Misjon er å dele, og vi har alle mykje å dele av. Vi lagar gevinstar som loddast ut på Middag og Misjon som er ei opa samling.

11 år - Vår Kode B

Samlingar i fastetida der vi lærer om den gamle og nye pakt. Film, dans og drama er deler av innhaldet.

11 år - Haust I Guds omsorg

Samlingar med film, mat, song og historier. Vi overnattar i kyrkja første helga i advent når vi framfører musikkspilet "Julenatt i stallen"

12 år Juniorkonfirmant vår

Samlingar inne og ute, våren året ein fyller tolv år. Vi avsluttar med leir på Kjeldsund.

13 år Juniorkonfirmant vår

Samlingar inne og ute, våren, saman med dei som fyller tolv år. Vi avsluttar med leir på Kjeldsund.

14-15 år Konfirmant

Samlingar frå august til mai der ein får repetere og reflektere, øve seg på å ta ansvar i gudsteneste og kyrkjelyd.

15 år Etter konfirmasjonen

Vi møtes til samling på hausten, same året ein vert konfirmert

16 år Når eg så skal ut i verda

Vi møtes til ei kveldssamling på kyrkjelydshuset saman med 17 år

17 år La oss chille....

Samling ein kveld på kyrkjelydshuset saman med 16 år

18 år Min draum og mitt liv

Ei kveldssamling der vi avsluttar KULTida med god mat, prat og opnar brevet som vart skrive til seg sjølv som konfirmant. Vi ser bilder av alt vi har gjort gjennom denne tida.